Kartlegg leppefiskbestanden

Kva har uttaket av leppefisk å seia for bestanden? Det er eit spørsmål mange har stilt, men ingen kan gje eit fullgodt svar på. Det vil ei gruppe forskarar gjera noko med.

Reidun Bjelland, Cameron Thompson og Kim Halvorsen på veg ut frå Havforskingsinstituttet på Haukanes, for å fiska, sjekka og merka fleire leppefisk i forskingsområdet.



Området rundt Lambøya, Bleikjo og Saltskjersholmane er freda for leppefiske fram til tidlegast 2021.

Det fyrste området i landet som er freda grunna forsking på leppefisk, er rundt holmane Lambøya, Bleikjo og Saltskjerholmane. Fredinga av det såkalla feltlaboratoriet tok til saman med opninga av leppefiskeriet den 17. juli i år, og varar til tidligast 2021. Det er forbode for andre leppefiskarar å setja ut teiner og ruser her.

– For å kunna gjera ei forsking i eit upåverka område, er me heilt avhengige av at det ikkje vert fiska etter leppefisk her, seier Reidun Bjelland i forskingsgruppa.

15 % attfiska

Målet til forskarane er å finna ut kor stor leppefiskbestanden er, og over kor stort område fisken dekkjer. I ni dagar har dei vore i forskingsområdet og fiska, chipmerka og sjekka leppefisken.

– Til no har me merka rundt 3 000 fisk. I løpet av éin dag sjekkar me mellom 500 og 800 fisk, og ser allereie at 15 prosent har vorte fiska opp fleire gongar, seier Kim Halvorsen.

Det gjev ein indikasjon på at fisken held seg på noko lunde same plass.

– Me kjem hit for å fiska og registera to gongar i året, om våren og om hausten. Jo lenger me held på, jo klårare bilete får me over bestanden, seier Halvorsen. Han disputerte tidlegare i vår med i doktorgradavhandling om leppefisk.

Rutinen

Forskarane bruker ruser når dei fiskar, og har ute 14 om gangen. Kvar og ein fisk vert målt, teken skjelprøve av for å stadfesta alderen, og får ein chip skoten inn i seg før han vert sleppt ut att. Alle chipane er nummererte. Neste gong dei fiskar, vert alle fiskane skanna med eit apparat som registrerer fisken, og gjev eit høgt pip om han er registrert tidlegare. Dei som då ikkje er merkte, går gjennom den prosedyren òg.

May Linn Clement
may.linn.clement@marsteinen.no